



Fyresdal
kommune

Spelemidlar rettleiing

Tenker de å bygge eit idretts- friluftsliv eller nærmiljøanlegg? Da bør de sjekke ut om det er mogleg å søkje om spelemidlar.

Spelemidlane kjem frå overskotet til Norsk Tipping. Dei skal bidra til at fleire får vere med på å drive idrett og fysisk aktivitet. Det kan søkjast om tilskot til:

- Ordinære idretts- og friluftsanlegg
- Nærmiljøanlegg
- Rehabilitering/ombygging av anlegg
- Tilrettelegging for universell utforming av tidligare oppførte anlegg

Kven kan søkje?

Det er bare eigaren av anlegget som kan søkje om tilskot frå spelemidlane. Søkjarar kan vere kommunar, fylkeskommunar, idrettslag og organisasjonsledd i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF), Den Norske Turistforening Norges Jeger- og Fiskerforbund, Det frivillige Skyttervesen, Norges Bilsportforbund. For nærmiljøanlegg kan i tillegg burettslag og velforeiningar (med unntak av hyttevelforeiningar) søkje tilskot. For andre samanslutningar (AS, stiftelsar m.m) må ein ha vedtekter som oppfyller kriteriene i.h.t. føresegnenes pkt. 2.3.1. Desse må leggjast ved som ein del av søknaden.

Informasjon om søknader

Alle søkarar må sette seg inn i føresegnene.

Både føresegner, litteratur og søknadsskjema finn du på www.idrettsanlegg.no
Informasjon om spelemiddelordninga, innlogging til søknadsordninga, hjelp og dokumentasjonskrav finn du på www.anleggsregisteret.no

Den gode prosessen og informasjon om andre idrettsanlegg finn du på www.godeidrettsanlegg.no

Plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv er styrande dokument for prioritering av spelemidlar for Fyresdal kommune. Gjeldande plan er vedtatt for 2015-2024. Det blir i 2024 utarbeida ny «Temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv» gjeldande frå 2025. Temaplanen er utgangspunkt for prioriteringar av alle søknadar om spelemidlar i kommunen. Temaplanen blir vedtatt i kommunestyret november/desember 2024.

Fristar for søkarar om spelemidlar

1.mai Frist for søknad om kommunalt tilskot til anleggsprosjektet for neste års budsjett.

1. september Frist for innmelding av nye anlegg til rullering av kommunalt handlingsprogram.

Anlegg skal meldes inn til Fyresdal kommune **og Fyresdal idrettsråd**

Nye anlegg som ikkje er meldt inn til denne fristen kan ikkje søkje om spelemidlar før året etter

15. november Frist for elektronisk innsending av spelemidlar til Fyresdal kommune. Alle som planlegg/skal søkje om spelemidlar vil ved behov få hjelp og rettleiing av kommunen

Søknadar som ikkje er innlevert innan 15.november vil ikkje bli godkjent. Det kan søkjast dispensasjon for å ettersende vedlegg.

Fristar og framdrift for kommunen og fylkeskommunen sin behandling.

Alle søkarar er sjølv ansvarleg for at krava er oppfylt når søknaden sendast inn. Søknadane vil bli kontrollert av kommunen, men det er fylkeskommunen som avgjer om søknaden oppfyller vilkåra i ordninga.

Mai/juni Politisk behandling Ungdomsråd, REMNF, OKO utvalet, formannskap og kommunestyre: Behandling av **søknader** om kommunalt tilskot til idrettsanlegg.

September **Idrettsrådet handsamar plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv, handlingsplanen**

Oktober Plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv, rullering av handlingsplan politisk handsaming i: Ungdomsråd, REMNF, OKO utvalet, formannskap og kommunestyret

November/desember Politisk behandling i Ungdomsråd, REMNF, OKO utvalet.

- Behandling av **prioriteringsliste** over neste års spelemiddelsøknadar

15. januar Oversending av godkjente søknadar og prioritert liste frå kommunen til fylkeskommune

15 januar – april Fylkeskommunal saksbehandling og prioritering mellom kommunane.

Mai/juni Politisk behandling og tildeling av spelemidlar i fylkeskommunen

GRUNNLEGGANDE KRAV SOM MÅ VERE PÅ Plass FØR SØKNAD SENDAST ELLER BYGGING SETJAST I GANG.

1. Anlegget som skal byggjast må vere ein del av vedtatt Temaplan for kulturbygg idrett- og friluftsliv

Følgjande er unntatt dette vilkåret:

- Orienteringskart.
- Skilting / merking av eksisterande turveier, tur-/skiløyper og turstiar.
- Nærmiljøanlegg.

Alle kommunar må ha en vedtatt kommunal plan for idrett der ordinære anlegg kommunen søker spelemidlar til står nemnt. Dette er ikkje eit krav for nærmiljøanlegg.

Handlingsprogrammet rullerast årleg kvar haust, og kommunen prioriterer nye anlegg inn i nytt rullert handlingsprogram. Søknadsfristen for spelemidlar inn til kommunen er fastsatt til 15. november. Det er ein del ting som må vere på plass før søknaden sendast inn. Be om samtale med kulturavdelinga i god tid før søknadsfristen, dersom de har eit nytt anlegg kor ein tenker å søkje spelemidlar inneverande søknadsår. Frist for innmelding av nye anlegg til rullering av handlingsprogrammet er 1. september.

Alle planlagde idrettsanlegg leggast fram for Fyresdal idrettsråd som uttalar seg om prioritering i samband med rullering av handlingsprogrammet.

2. Du som søker må oppfylle visse krav i dine vedtekter for å kunne søke

Det er et grunnleggande prinsipp at tilskot i form av spelemidlar ikkje skal danne grunnlag for fortjenestebaserte eigarformer. Som regel er ikkje dette noko problem da det ofte er idrettslag og kommunar som søker disse midlane. Men i noen tilfelle opptrer søker i ein gråsonen når det kjem til dette prinsippet. Det kan vere lurt å dobbeltsjekke at din organisasjon oppfyller krav om vedtekter dersom det eksempelvis handlar om et AS eller ein stiftelse. Eit forslag til vedtekter ligg som vedlegg i føresegnene. Bruk vedlegga for å finne vedtekter som er i tråd med føresegnene. Vedtektene må sendast inn med søknad og handsamast som del av søknad av fylkeskommunen. Velforeiningar uansett vedtekter kan ikkje søke om tilskot til ordinære anlegg, men dei kan søke om tilskot til nærmiljøanlegg uavhengig av vedtekter.

3. Sørg for at anlegget og alt du søker om har rett til stønad.

Bygger du eit anlegg og vil søke spelemidlar, sørg for at anleggstypen kan finnes igjen i føresegnene. Det står spesifisert fleire ulike anleggstyper som det kan søkast til, men mange typer anlegg opererer i grenseland for kva det kan søkast om. [Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2023 \(V-0732 B\)](#)

4. Du må ha rett til bruk av grunnen der anlegget skal ligge

Spillemiddelføresegnene sei at store anlegg skal vere opent for idrettsaktivitet i minimum 30 år etter at det er oppført. For nærmiljøanlegg er dette 10 år. Dette betyr at du må forsikre deg om at du har på plass ein avtale med eigar av grunnen før du i det heile tatt vurderer å søke spelemidlar. Denne avtala må vere tinglyst (gjelder private grunneigarar). Avtaler med private grunneigarar som ikkje er tinglyst må leggast ved søknad. Avtale om minimum 30/10 års varighet gjelder også der det byggjast på kommunal grunn. Slike avtaler kan vere tidkrevjande å utforme og må i tilfelle der kommunen eig tomta, godkjennast av ordfører/kommunedirektør. Ta derfor kontakt med kommunens eigedomsavdeling/planavdeling i god tid før fristen om å søke spelemidlar går ut. For tur-/skiløyper og turstiar skal retten til grunn ha heimel i avtale av minimum 10 års varighet med automatisk fornying for 10 år av gangen.

Det er den enkelte søker sitt ansvar at anlegget har en riktig utforming og funksjonalitet. Dette betyr at spille- og aktivitetsflater, sikkerheitssoner og områder, og/ eller andre funksjoner som måtte gjelde for aktivitetane som skal skje i anlegget. Endeleg godkjenning av funksjonalitet og målsette teikningar vil først bli godkjent gjennom fylkets sluttbehandling av søknad. Bruk litteratur og les regelverket/målkrao som idretten har fastsett for det enkelte anlegg i forbindelse med utarbeiding av teikningar. Les føresegnene nøye og sjå gjerne på gode prosjekt som andre har gjennomført. www.godeidrettsanlegg.no. Husk også å sjå på rettleiarar som beskriver målkrao og føringar for oppføring av anlegga.

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/innsiktsartikler/idrett/publikasjoner-om-idrettsanlegg/id86915/>

5. Det er et krav om at alle idrettsanlegg skal vere universelt utforma

Føresegnene stiller krav til universell utforming. Universell utforming handlar om at alle skal ha tilgang, uansett handicap eller fysiske utfordringar dei måtte ha. For idrettsanlegg omfattar prinsippet om universell tilrettelegging at alle som bruker anlegget, både idrettsutøvarar, publikum, trenarar, dommarar og teknisk personell. Sjå rettleiar for meir informasjon.

GRUNNLEGGANDE KRAV SOM MÅ VERE PÅ PLESS NÅR SØKNAD SENDAST

Søknadsskjema finnes på www.anleggsregisteret.no Anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Dersom anlegget ikkje er registrert i anleggsregisteret <https://www.anleggsregisteret.no/finn-anlegg/> må de ta kontakt med kulturadministrasjonen slik at anlegget kan opprettast i systemet. **NB!** Det er ikkje mogleg å søke spelemidlar utan at anlegget er oppført i registeret.

Les nøye gjennom innhaldet på sida og dei dokumentasjonskrav som stilles.

Det er absolutte krav til vedlegg og innhald som skal fylgje søknaden.

Meir om dokumentasjonskrav her: <https://www.anleggsregisteret.no/anlegg-for-idrett-og-fysisk-aktivitet/hva-slags-dokumentasjon-ma-forberedes/>

Forbered alle dokumentasjonskrava før ein starter søknadsprosessen. Husk at anlegget må vere fullfinansiert før ein sender inn søknad. Det må leggest ved dokumentasjon, bankutskrifter, godkjent dugnadsverdi o.l. som viser at det er avsette midlar til å gjennomføre hele prosjektet. (Det trengs ikkje dokumentasjon på spillemiddelandelen).

Fyresdal Kommune har ordning med forskotering av spelemidlar. For å kunne få utbetalt forskot på spillemidlane må ein ha ein godkjent søknad i den fylkeskommunale behandlinga. Ta kontakt med kommunen dersom det er behov for forskotering av spelemidlane.

Maler for vedlegg

Det er utarbeida mal for kostnadsoverslag, finansieringsplan, behovsplan og driftsplan. Disse malene skal ein bruke som vedlegg i søknaden. Sjekk at tala i kostnadsoverslag og finansieringsplan stemmer med tall de legg inn i digitalt søknadsskjema.

Krav ved fornya søknad

Ved fornya eller gjentatt* søknad (*brukas der deler av søknaden allereie er innvilga) kommer det ved innlogging opp søknaden frå i fjor. Dersom noen andre fylte ut søknaden må du ha referansenummer frå forrige søknad samt organisasjonsnummer til laget/organisasjonen du søker på vegne av. Kommunen kan vere behjelpelig med å finne dette nummert om forrige søkjar ikkje har tatt vare på disse opplysningene.

<https://www.anleggsregisteret.no/anlegg-for-idrett-og-fysisk-aktivitet/send-inn-soknad/>

GRUNNLEGGANDE KRAV I BYGGEPERIODEN

1. Sørg for å ha alle offentlege godkjenningar i orden. Inkludert byggesak og tekniske planer.
2. Skaffe rekneskapsførar med tilstrekkelig kompetanse og kunnskap.
3. Det bør opprettast bankkonto for alle inn- og utbetalingar knytt til anlegget.
4. Det er viktig å spesifisere meirverdiavgifta. Det må dokumenterast at denne er betalt. Det dokumenterast ved at beløpet går ut frå den ovanfornemnte bankkonto. Det er fordi det er mogleg å søke om momskompensasjon seinare.
5. Dersom spelemidlar og tilskot frå kommunen utgjør 50% eller mer av finansieringa av den konkrete byggekontrakten vil den bli omfatta av lov om offentlige anskaffelser dersom byggekontrakten er lik eller overstiger kr 7,2 mill (ref. §1-3). Vi anbefaler å be kommunen om hjelp dersom dette blir aktuelt.
6. Det stilles krav til dokumentasjon. Alle inn- og utbetalingar må dokumenterast. Alle originalbilag må foreligge. Dei må vere adressert til tilskotsmottakar

Bilag som ikkje omfattar meirverdiavgift, skal vere merkt med:

- Kva utbetalinga/innbetalinga gjeld
- Kva for konto som er belasta
- Kven som har anvist
- Kven som har attestert
- Bilagsnummer

Bilag som omfattar meirverdiavgift følger Bokføringsloven §5, og forskrift om bokføring,

§5-1-1. Føresegnene inneheld mellom anna:

- Nummer og dato for utstedelse av dokumentasjonen
- Angivelse av partane, med organisasjonsnummer
- Ytelsens art og omfang
- Tidspunkt og sted for levering av ytelsen
- Vederlag og betalingsforfall
- Eventuell meirverdiavgift og andre avgifter knytt til transaksjonen som krevst spesifisert i lov eller forskrift.

NÅR ANLEGGET ER FERDIG - KRAV TIL REVISJON OG UTBETALING AV SPELEMIDLAR

Anleggsregnskapet

1. Det skal føres eit eget anleggsregnskap. Det skal førast slik at det kan samanliknast med endeleg godkjent kostnadsoverslag og finansieringsplan. Anleggsregnskapet skal vise spesifisering på dei enkelte kostnadsgrupper, slik dei kommer frem i siste godkjente kostnadsoverslag og rekneskapsamandrag. Om du ikkje har siste godkjente kostnadsoverslag kan kommunen ved kulturavdelinga vere behjelpelig med å skaffe dette.

2. Betaling for arbeid eller materiale (ytingar) som i søknaden var registrert som dugnad eller rabatt skal i rekneskapen ikkje førast opp med et høgare beløp enn det godkjente kostnadsoverslaget i søknaden. Dersom det er betalt for arbeid eller materialar som i søknaden var oppført som dugnad eller rabattar, skal verdien av desse ytingane justerast ned i rekneskapen med tilsvarende beløp. Verdien vil i staden komme fram som ein betalt kostnad.

3. Anleggseigar har ansvar for å overlevere rekneskapen til revisor og vidare til kommunen. Ein må rekne med ein viss saksbehandlingstid. Det bør gjerast avtale med revisor om tidspunkt for hensiktsmessig innlevering av anleggsrekneskapen.

Innlevering av dokumentasjon til revisor

Rekneskapskjema til bruk for revisjon kan lastas ned her:

<https://www.anleggsregisteret.no/anlegg-for-idrett-og-fysisk-aktivitet/om-regnskap/>

Regnskap og revisjon - SJEKKLISTE (eigen mal)

Punkter i lista refererer seg til gjeldande føresegner, om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, frå Kulturdepartementet. (www.idrettsanlegg.no).

Denne sjekklista vil vere til hjelp for klubbar og lag i forbindelse med revisjon av rekneskap som skal godkjennast i forbindelse med utbetalingar av spelemidlar. Ein må gå gjennom alle sjekkpunkt og nødvendig dokumentasjon må vere lagt ved før rekneskapet leverast for samla revisjon.. Revisjonen kan ikkje gjennomførast før all dokumentasjon er mottatt.

1. Rekneskapssamandrag med underskrift frå anleggseigar. Underskrift frå plan/teknisk/kultur bekreftar at kommunen har kontrollert at anlegget er ferdigstilt i henhold til godkjente planer. Dersom det ligg føre ein ferdigstilling frå kommunen, så legg ved denne også.

2. Anleggsregnskap.

Dersom rekneskapen ikkje er ført i kommunens system og revisor ikkje har tilgang til prosjektrekneskap elektronisk, og søker har tenkt å levere søknad om momskompensasjon er det viktig at revisor mottar hovudboka på prosjektet for å kunne uttale seg om mva.

3. Kontoutskrifter

4. Originalbilag med attestasjon

5. Dugnad er avstemt mot søknad og eventuelt justert ned etter kjøp av tilsvarande tenester.

6. Tilsegnsbrev frå fylkeskommunen

Regelverket:

Ved tilskot under kr. 400.000, - kan dette gjerast av klubben/søkars eigen revisor. Når kommunen er tilskotsmottakar, kan kommunens økonomiavdeling kontrollere rekneskap under kr. 400.000,-. Dersom søker er eit aksjeselskap med revisjonsplikt, kan anleggsrekneskap kontrollerast av selskapets revisor.

Når tilskotet er kr. 400.000 eller høgare skal alle anleggsrekneskap godkjennast av Fyresdal kommunes revisor.

På grunnlag av innlevert dokumentasjonen skriv revisor en særattestasjon og underskriver og stemplar siste kolonne i rekneskapssamandraget

Når klubbene/søker mottar underskrevet rekneskapssamandrag og revisorattest, sendes dette til Fyresdal kommune v/ økonomikontoret for kontroll. Fyresdal kommune ved kulturavdelinga vil deretter sende anmodning om utbetaling til Fylkeskommunen som overfører pengar til kommunen. Kommunen overfører vidare til klubben/søkar med evt. fråtrekk for utbetalte kommunalt spelemiddelforskot.

SØKNAD OM MOMSKOMPENSASJON Kort om ordninga

1.Dersom Stortinget løyver midlar dei enkelte år, vil ordninga med kompensasjon av meirverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg og kulturbygg vidareførast.

2.Ordningsen forvaltest av Lotteri- og stiftelsestilsynet.

3.Gjeld alle som oppfyller vilkår for å motta spelemidlar. Det er ikkje nødvendig å ha mottatt spelemidlar for å kunne søke om kompensasjon, men spillemiddelsøknaden må veregodkjent.

4.Ordningsen gjelder ikkje bygging av anlegg i regi av kommune, fylkeskommune eller kommunale foretak.

5.Kompensasjon kan gis for prosjekter i gang satt etter 1.januar 2010.

Krav til søknaden.

- 1.Anlegget må vere ferdigstilt og regnskap attestert av revisor. Dette skal leggst ved søknaden.
- 2.Det må leggst ved ein stadfesting på kjennskap til ordninga.
- 3.Rekneskapen må skile mellom tilskots berettigede- og ikkje tilskots berettigede anleggselement. Det er bare tilskots berettigede element det kan søkast om kompensasjon for.

For anleggseigarar som skal søke om momskompensasjon, er det viktig at all dokumentasjon blir overlevert i god tid før søknadsfristens utløp. Anleggseigar må regne med en saksbehandlingstid på en måned for å få rekneskapen attestert.

Søknadsfrist 1.desember <https://lottstift.no/for-frivilligheten/>

FORSKOTTERING AV SPELEMIDLAR TIL ANLEGG.

Det er mogleg for lag og organisasjonar som søker spelemidlar å få forskot frå kommunen når søknaden er godkjent i spelemiddelordninga. Laget kan søkje å få 50% av godkjent søknadssum når ein kan dokumentere at arbeidet er igangsett. Ytterlegare 25% kan betalast ut når søkjar er innvilga tilsegn.